

Daggry barnehage Årsplan 2024- 2025

Ein god stad å vere, leike og lære



Øvregjerdet 18
6050 VALDERØY

Tlf: 70182497
E-mail: post@daggrybarnehage.no

Eigar: IMF Sunnmøre og har
utvida kristen formålsparagraf

Dagleg leiar: Marte Tolo Skjong

Innholdsliste

- Innleiing
- Kristen formålsparagraf
- Kjerneverdier i Daggry barnehage
- Barnesyn
- Satsingsområde: inkluderende barnehagemiljø
- Pedagogisk praksis. Planleging, vurdering og dokumentasjon
- Danning i barnehagen. Barns medverknad
- Utviklingsarbeid i barnehagen: Rekomp
- Dei 7 fagområda i Rammeplanen
- Samarbeid med heimen. Tilvenning og overgangar de vil møte i barnehagen
- Velkommen til Linerla og Spurven (to sider)
- Velkommen til Lerka og Måltrosten (to sider)
- Førskuleklubben
- Barnehageruta for barnehageåret 24/25



Innleiing

Årsplanen i Daggry barnehage er ein arbeidsreiskap for personalet. Den gir informasjon om vårt pedagogiske arbeid til våre samarbeidspartnar og andre som kan ha interesse av det.

Planen vert utarbeida av personalet i barnehagen. Vi reviderer planen årleg før den vert presentert for foreldregruppa. Etter planen er godkjend blir den publisert på våre nettsider. I tillegg til årsplanen vil det gjennom året bli utarbeida månads-/vekes planar for kvar avdeling, desse vert publisert i KidPlan.

Før årsplanen trer i kraft skal den ha godkjenning av samarbeidsutvalet i barnehagen.

Kristen formålsparagraf

Barnehagen har ei utvida praktisering av den kristne formålsparagrafen, noko som vil seie at den kristne budskapet er ein naturleg del av kvardagslivet og haldningane i barnehagen.

Gjennom visjonen vår:

«Med Guds kjærleik til barna».

og kjente bibelforteljigar vert dei kristne grunnverdiane som nestekjærleik, mennsekeverd, takksemnd, tilgjeving, respekt og solidaritet formidla.



Kjerneverdier i Daggry barnehage:



UTVIKLING:

- Kvalt barn skal få utvikle seg til den beste utgåva av seg sjølv
- Kvalt barn skal bli rusta til å meistre livet sitt godt, no og i framtida
- Barna skal ha gode rollemodellar i dei vaksne

NESTEKJÆRLEIK:

- Vi viser omsorg, vi trøystar og vi tilgir kvarandre
- Vi vil glede oss på andre sine vegne
- Vi vil vise kvarandre kjærleik, slik som Bibelen fortel om Guds kjærleik til menneska

INKLUDERING:

- Kvar ein skild deltek aktivt i fellesskapet
- Vi viser respekt og tek kvarandre på alvor
- Alle i vårt fellesskap opplev at dei er unike og har stor verdi
- Å ha ein ven, og vere ein ven for andre

KVALITET:

- Eit stimulerande pedagogisk miljø for barna, med kompetente vaksne som motiverer til barnet si lyst til å lære og utforske
- Barnehagen har tydeleg profil og verdier
- All læring skjer gjennom leik og utforsking, og barna får lære med heile kroppen og alle sansar
- Trivsel og tryggleik for barn og vaksen, og godt samarbeid med foreldre

Barnesyn

«Som eit kjede, saman i glede, ingen like, men alle unike»

- Alle barn er unike og skal møtast med respekt
- Dei har alle rett til å få utvikle seg utifrå egne evner og føresetnader. Individuelt og i samspel med andre.
- Det er viktig med tidleg stimulering av språk og sosialt samspel, og utviklingsstøtte for god læring og kunnskapstileigning heile livet.
- God læring = heilheitleg læring. Det betyr samanheng i læringa frå barnehage til endt skulegang. Det betyr tverrfagleg læring, og det betyr at barn får lære gjennom opplevingar og refleksjon, med heile kroppen og alle sansane sine.
- God læring er avhengig av inspirerande vaksne som er gode rollemodellar. Og som motiverer til barnet si lyst til å lære og utforske.

Satsingsområde:

Inkluderande barnehagemiljø

Med vekt på språkutvikling og læring gjennom lek

SOM EIT KJEDE, SAMAN I GLEDE, INGEN LIKE , MEN ALLE UNIKE!

Vi ynskjer at barna skal få oppleve glede, meistring og tryggleik i eit inkluderande fellesskap, der dei får tileigne seg basiskompetanse som dei kan bygge livet sitt på.

I eit inkluderande barnehagemiljø er det plass til alle, og her skal alle få utvikle seg til den beste utgåva av seg sjølv. Vi legg vekt på samhald, humor og glede i kvardagen, der kvart barn får utvikle seg ut frå sin eigenart. Det er ikkje eit mål å gjere alle like. Det er verdifullt med eit fellesskap der ulike menneske med sine ulike evner, funksjonsnivå og kvalitetar medverkar og utfyller kvarandre, og slik skaper samhald og eit godt miljø der det er godt å vere, leike og lære.

Her skal barna få lære å samspele med kvarandre på ein god måte, få venner, tileigne seg ferdigheiter og gode verdiar, få leike, utforske, gjere seg erfaringar og få kunnskap som skal stimulere utvikling på ulike områder.

Kvardagen og relasjonane i barnehagen skal vere prega av omsorg og kjærleik, og barna skal vite at dei er skapt, ønska og elska for den dei er. Dei fire kjerneverdiane våre: UTVIKLING, NESTEKJÆRLEIK, INKLUDERING OG KVALITET skal merkast i miljøet vårt.

For å fungere godt i eit fellesskap, er det viktig å kunne uttrykke seg språkleg, og derfor vil vi legge vekt på språkutvikling og språkaktivitetar.

Leiken er viktigaste aktiviteten for barn, den har eigenverdi, fordi det er her ein trener på det ein har lært, og det er gjennom den at utvikling skjer. Det er lystbetont for barn å lære på denne måten, når dei får bruke heile kroppen og alle sansane sine. Barna skal bli godt rusta til å meistre livet sitt, både no og i framtida.

Vi som vaksne i barnehagen vil legge til rette så godt vi kan for det einskilde barn og for fellesskapet, og vere gode rollemodellar for barnet si utvikling og læring.



Pedagogisk praksis

Barnehagen sitt særpreg er leik, omsorg, læring og danning. All læring skal skje gjennom leik, opplevingar og utforsking, og det skal skje i eit trygt og godt miljø for barna, der det er mykje omsorg, glede og kjærleik, og der barna skal kjenne seg elska og verdifulle som menneske. Den kristne bodskapen er ein naturleg del av kvardagen og haldningane i vår barnehage. Vi skal lære å fungere godt sosialt saman, i vennskap og relasjonar, og med dei reglar og normer som trengs, dette skal gjere barnehagen vår til ein god stad å vere, leike og lære for liten og stor. Vi har eit personale som er varme vaksne med eit stort hjarte for kvar og ein av barna, og som vil gjere sitt beste for å legge til rette for kvar einskild, og vere gode rollemodellar for barnas utvikling, læring og danning. Målet er å gi barna basiskompetanse på dei ulike områda, eit grunnlag til å meistre livet sitt på ein god måte både no og i framtida.

Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen for barnehagen.

Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon i barnet si læring, og vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med føresette. For å sikre at praksisen er i tråd med barnehagelova og rammeplanen, må vi dokumentere arbeidet og vurdere det, det betyr at det pedagogiske arbeidet med barn skal beskrivast, analyserast og tolkast i personalgruppa, og er grunnlaget for vidare planar.

Danning i barnehagen

Barnehagen skal legge til rette for at barna skal få delta i si eiga utvikling, medverke til barnehagens innhald, vere med i avgjersprosessar og støttast i å uttrykke synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Barna skal oppmuntrast til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda, utforske og finne løysingar. Dei skal få tileigne seg gode verdiar og normer som er viktige for fellesskapet og demokratiet, og utvikle sjølvstende, respekt og ansvar. Vi skal tilretteleggje aktivitetane og leiken slik at det er rom for dialog, kritisk tenking og refleksjon.

Barns medverknad

Det er nedfelt i rammeplanen om barns rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. I planlegging og vurdering skal barnas synspunkt vektleggast i samsvar med barnets alder og modning. Hos oss vert barna tekne med på råd og får uttale seg når vi skal planlegge aktivitetar, og dei vere med på å lage felles reglar som trengs for at alle skal ha det bra i gruppa. Vi legg til rette for at barna får gode opplevingar, og får samtale og reflektere over det dei opplever, for det er slik barn lærer best. På denne måten får barna trene seg i å gje uttrykk for sine meiningar, lære å lytte til andre, og å finne løysingar saman.

Utviklingsarbeid i barnehagen: Rekomp

Personalet i barnehagen er med i eit utviklingsarbeid gjennom UDIR, Sunnmøre regionråd og Høgskulen i Volda. Vi har ei eiga arbeidsgruppe i barnehagen, som består av ein pedagog frå kvar avdeling. Dei som sit i denne gruppa har ansvar for å drive arbeidet vidare inne i den enkelte avdeling.

Høgskulen i Volda bidreg inn i barnehagen via ein felles kursdag for heile personalgruppa, rettleiing inn mot arbeidsgruppa gjennom både fysiske og digitale samlingar, gjennom året. Målet med dette arbeidet er å utvikle den pedagogiske praksisen vår for barna innanfor inkludering og språkutvikling. Fokusområdet for vårt nettverk er språkutvikling og utforming av det fysiske miljøet i barnehagen. Vi har valt å jobbe med bildestøtte i arbeidet med barn og språkutvikling.



Dei 7 fagområda i Rammeplanen

TAL, ROM OG FORM

Gjennom leik, kvardagsaktivitetar og eksperimentering utviklar barna sin matematiske kompetanse. Dei er på jakt etter samanhengar, utforskar rom og form, argumenterer, og er oppteken av tal og telljing.

Barnehagen skal oppmuntre barnas eigen utforsking, og legge tilrette for tidleg og god stimulering på dette feltet.

Metode: leik med tal og former, konstruksjonsleik (byggeleik), ulike matematiske spel og leikemateriell, formingsaktivitetar, oppgåver i førskuleklubben med omgrep, former, tall, sortering osv. Stimulere til å bruke språket som reiskap for logisk tenking, og til å oppdage samanhengar og rom/form i naturen.

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Vi skal leggje tilrette for at alle barna i barnehagen skal kunne oppleve å kjenne seg inkludert i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre. Barna skal få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Ved å medverke i mat- og måltidsaktivitetar ønsker vi å motivere barna til å ete og bli glad i sunn og god mat.

Metode: tur i nærområdet, fjellet, skogen og i fjøra. Gymsalen med hinderløype ol. Matlagingsaktivitet i barnehagen og på tur.

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Her skal barna få utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Vi skal leike med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

Metode: variert språkmiljø, eventyr, samtale, undring, lyd, rim og rytme. Støtte barna i utforsking av både det munnlege språket og skriftspråket.

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Etikk, religion og filosofi pregar verdier, haldningar og måtar vi oppfatar omverda og andre menneske på. I barnehagen skal vi vere med å leggje grunnlaget for barna sin kritiske tenking og dømmekraft. Difor er det viktig at vi gir barna kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, som finst i barnegruppa. Samtidig som den etiske rettleiinga skjer ut frå verdier og tradisjonar i den kristne kulturarven.

Metode: gjennom samtale, formidling og undring ønsker i å skape interesse for mangfaldet i samfunnet, respekt, toleranse og interesse for kvarandre.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Handlar om at barna skal få innsikt i, og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Medverknad i barnehagens indre miljø er første steg mot dette målet. Barnehagen skal styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, natur, kunst/kultur, arbeidsliv, tradisjonar, levesett, og medias betydning for barna sin kvardag. Barnas ulike opplevingar frå heimemiljø, omgangskrets og reiser gir også kunnskap om ulike samfunn.

Metode: oppdage, bli kjend med og utforske nærmiljøet. Gjennom ulike utflukter og besøk vi får inn i barnehagen.

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Handlar om å bli kjend med naturen og det mangfaldet av opplevingar og aktivitetar ein finn der, og at dette igjen kan vere med å gi oss inspirasjon til estetiske uttrykk. Vi ynskjer å vere med å gi barna den første forståinga av berekraftig utvikling. Dei skal få kjennskap til plantar, dyr, landskap, årstider og ver, og utvikle kjærleik til og forståing for naturen. Det samspelet som skjer i naturen, og mellom menneske og natur.

Metode: aktiv bruk av skogen og nærmiljøet til barnehagen. Vi har faste turdagar for alle barna gjennom heile året. Slik kan vi vere med å stimulere barnas nysgjerrigheit på livet i naturen, og inspirere til å bli glade i naturen og ta vare på den.

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

I barnehagen skal barna få opplevingar med kunst og kultur i ulike former. Barna skal stimulerast til undring, nysgjerrigheit, eksperimentering og utprøving av kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Metode: stimulere barna til å uttrykke seg gjennom forming, musikk, drama, gje høve til leik og opplevingar i naturen, bruk av naturmateriale og legge til rette for estetiske opplevingar, teaterbesøk og kulturtilbod.

Samarbeid med heimen

For å skape eit miljø der barn kan kjenne at dei trivast, utviklar seg og når nye mål er det viktig med god dialog mellom barnehage og heim. Samarbeidet skal foregå både på individ- og gruppenivå. Det er lagt opp til to foreldresamtalar i året der føresette og barnehagepersonal utvekslar observasjonar og vurderingar knytt til barnets helse, trivsel, utvikling og læring. Er det slik at ein kjenner behov for fleire samtalar/retteleiing er det rom for det. Ta kontakt med pedagogisk leiar i avdelinga for nærmare avtale.

De vert og kalla inn til to foreldremøte iløpet av året. Eit på hausten der de skal bli betre kjend med personalet i avdelinga og dei andre føresette, i dette møtet vert også årsplanen presentert og vi vel representantar til samarbeidsutvalet. Foreldremøtet på våren har oftast vore eit temamøte, kom gjerne med innspel til tema de ynskjer å høyre meir om.

TILVENNING OG OVERGANGAR DE VIL MØTE I BARNEHAGEN

Oppstarten i barnehagen kan opplevast både spennande, skummel og voldsom for mange. Vi som jobbar i barnehagen veit om dette og er interessert i å gjere denne overgangen så god som mulig for både barn og foreldre. Vi har utarbeida gode prosedyrar på korleis vi ønsker å jobbe med tilvenning og overgang til ny avdeling, og etter kvart overgang til skulen. Desse rutinene er utarbeida med «Trygghetssirkelen» som grunnlag. Her legg vi vekt på at kvart barn skal få eit trygt og godt møte med barnehagen, barna og personalet, og at både barna og føresette skal kjenne at her er det godt å vere.

God dialog, tid og tolmod er viktig i denne prosessen.

Velkommen til Linerla og Spurven 24/25

Inkluderande barnehagemiljø er satsingsområdet i barnehagen, dette barnehageåret, på Linerla og Spurven vil vi her ha fokus på omsorgsfulle relasjonar mellom barn og vaksne og mellom barna. Omsorgsfulle relasjonar handlar om vaksne som heile tida er nær og tilstades. Det krev at vi legg til rette for, og heile tida reflekterer over eit kvardagsliv i barnehagen, som gir rom og tid til å sjå barna, forstå dei og gi dei den støtte dei treng.


I samspel med kvarandre lærer barna mykje. Vi vil støtte dei i å løyse konflikter, sjå den andre og sjå seg sjølv. Å kjenne igjen og skilje mellom ulike kjensler hos seg sjølv og andre er viktig for å kunne vere ilag med andre og viktig for barna si psykiske helse. Dei treng vaksne som tonar seg inn og tek del i opplevinga, og viser med mimikk og ord at dei forstår.

Gjennom språkarbeid, vil vi i år ha fokus på korleis vi kan bruke bilete i det fysiske miljøet for å fremje språkutvikling. Her vil vi trekke inn temaet «Dyra på garden». Vi skal bli kjend med nokre av dyra som bor der gjennom song og litteratur. Temaet vil vise igjen i utforminga av leikemiljøet i avdelingane våre, og gi barna eit felles utgangspunkt i leik og undring.

Dei sju fagområda som er nemd tidelgare i årsplanen er gjennom temaarbeid integrert i vår kvardag, det er derfor viktig at vi stadig reflekterer over korleis dei er tilstades og korleis vi kan jobbe aktivt for å få dei inn i arbeidet vårt. Gjennom temaet vårt »Dyra på garden« og sanseopplevingar vil vi at barna skal få kjennskap til dyr og dyreliv, innsikt i kvar maten kjem i frå og vegen frå mat til måltid. Og at dei skal få oppleve skaparglede og fantasi.

SUPERSAMLING: her jobbar vi med fagområdet etikk, religion og filosofi. Vi ynskjer å gi barna kjennskap til ulike merkedagar, høgtider og tradisjonar, i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. Gjennom dette arbeidet ynskjer vi at barna over tid utviklar interesse og respekt for kvarandre. Og at dei kan sjå verdien av likskapar og ulikskapar i samfunnet.

BURSDAG I BARNEHAGEN: er stor stas, vi feirar med stort flagg, bursdagsplakat med bilde av jubilanten, bursdagssamling og smoothie eller is til dessert, etter lunsj. Barna får med seg heim bursdagskrone og bildeplakat frå dagen.



Slik kan ein dag i barnehagen sjå ut




Klokkeslett	Kva	Korleis/kommentar
07.00-09.30	Velkommen til barnehagen	Tidlegvakta møter barn og foreldre i garderoben.
07.30-08.30	Frukost	Barna har med eigen frukost. Tidleg mellom vakta sit ilag med barna. Vi legg vekt på god trivsel rundt bordet, samtalar rundt dagen i dag og andre ting som opptek barna.
09.15-10.30	Morgonsamling. Gruppedeling, frileik inne/ute eller andre planlagde aktivitetar	Informasjon angående dagen vert lagt ut i kalenderen på KidPlan. Det vert laga egne arbeidsplanar for personalet med arbeids- og ansvarsfordeling.
10.30-10.45	Bleieskift	Vi gjer bleieskift til ei koseleg stund der vi syng, leikar med rim og regler, samstundes som vi har fokus på god hygiene.
10.45	Samling	Vi har ei kort fellessamling. Her er det ein vaksen som har ansvar for innhaldet i samlinga. Vi formidlar innhaldet i samlinga ved å lese, synge, dramatisere, bevege oss eller liknande.
11.00	Lunsj	Måltidet skal vere ein arena for trivsel og læring. Vi har smøremåltid, der barna får ta aktivt del i måltidet. Ein dag i veka har vi varmmat.
11.30-12.00	Legging/kvile	Dei som skal sove, søv i vogna si. Dei som ikkje søv får roe ned i avdelinga med roleg musikk, høgtlesing eller lydbok.
13.00-14.00	Oppvakning/frileik/bleieskift	Roleg leik i avdelinga.
13.50-14.20	Fruktmåltid	Vi samlar oss rundt bordet og et skive og frukt. Ein dag i veka får vi yoghurt med havregryn og rosiner.
14.20-16.30	Frileik ute (Inne ved behov)	Vi leiker ute eller inne. Barna vert henta-vi seier «ha det» til kvarandre og takkar for dagen i dag.

Velkommen til Lerka og Måltrosten

Vi er storbarnsavdelingane ved Dagry barnehage.

Fokusområdet i år er «Leik og livsmeistring» med vekt på fagområdet kommunikasjon, språk og tekst.



Leik og livsmeistring: i barnehagen skal leiken ha stor plass. Vi skal vere med å gi barna gode opplevingar av glede og humor.

Barna skal få oppleve livsglede og meistring i eit trygt og godt miljø. Dei kan bli utfordra til å ta nye steg, utvikle samspel, fellesskap og vennskap.

Personalet skal vere med å støtte og oppmuntre barna gjennom motgang og utfordringar dei møter. Slik får vi vere med å hjelpe barna til å bli kjend med egne og andre sine kjensler.

Lerka og Måltrosten - språkstimulering



Vi har **supersamling** ein gong pr. veke, og vi følger opplegget til Solkollen. Her har vi eit tydeleg fokus på gode verdier. Verdiane våre pregar kvardagen vår, og formidlast bla. gjennom kjende songar, dramatisering knytt til forteljingar frå bibelen.



Språkstimulering: språkleg nysgjerrigheit i eit variert språkmiljø skal vere med på å gi barna lyst til å utforske kommunikasjon, språk og tekst.

I løpet av barnehageåret skal vi bli kjent med forskjellige bøker og forteljingar gjennom høgtlesing, dramatisering, forming, samtale, film, song og musikk.

Personalet skal gjennom desse aktivitetane hjelpe barna til å utvikle leseglede og fantasi. Gjennom temaet skal vi gi dei felles leikereferanse. Vi ønsker at alle barna skal bli lest for jamleg.

Førskuleklubben

Ein dag kvar veke møtast 15 førskulebarn til førskuleklubb. Vi har ei gruppe på tvers av avdelingane. Vi møtast til klubb i gymsalen eller vi går på tur.

Oppsett for klubbmøta våre

- Vi finn plassen vår
- Fellessang «Alle trenger ein liten venn»
«Første dag i første klasse»
- Høgtlesing, ulike bøker tilpassa barnas alder
- Forskaroppgåver
- Oppgåve/aktivitet (enkle skuleoppgåver ut i frå tema, matlaging, naturfagseksperiment)

Annakvar veke går vi på tur, til ein skog mellom Eirik-skogen og Ola-bakken, dette blir basen vår. Turane skal vere med på å gi barna gode friluftsupplevingar gjennom heile året. Personalet skal legge til rette for leik, undring, utforsking, nysgjerrigheit og læring i naturen. På turdagen må barna ha med eigen sekk med matpakke, drikke og sitjeunderlag. Dette er god trening for barna i å ta vare på eigne ting, og ei god førebuing til skulestart.

På nyåret håpar vi det blir barnehagesymjning ved By-badet i Ålesund. Når dette evt. skjer vil de få nødvendig informasjon.

Vi håpar at førskuleklubben og turane våre er med på å gi barna kunnskap, erfaringar, tru på eigne evner og motiverer barna til å begynne på skulen. Vi har faste overgangsrutinar for overgang til skulen, der vi får besøk av rektor og besøker skulen.



Barnehagerute 2024-2025

AUGUST

- 12 OG 13.8: studiedagar

SEPTEMBER

- 4.9: foreldremøte
- Veke 38: brannvernveke

OKTOBER

- 1.10: hausttakkefest
- 4.10: kommunal studiedag, rekomp

NOVEMBER

- 6.11: kosedyrfest

DESEMBER

- 12.12: julefest på bedehuset
- 20.12: nissefest

JAUNAR

- 23.1: foreldrekaffi, ved henting av barn

FEBRUAR

- 12.2: karneval

MARS

- Ope hus, cafe og tombola i barnehagen, for heile familien. Dato ikkje bestemt enda.
- 31.3: studiedag for personalet. Barnehagen er stengt

APRIL

10.4: påskefrukost for familien

MAI

- 16.5: vår-fest, lille 17.mai
- 30.5: studiedag, barnehagen er stengt

JUNI

- 12.6: sommarfest for familien kl. 17.00. Festen blir ute i barnehagen